

# VESTNES PENSJONISTLAG

OPPSUMMERING FRÅ MØTE 20.03.2024 – 11 BORD MED TIL SAMAN CA. 60 DELTAKARAR

Alle deltakarane blei fordelt på bord med ca. seks personar på kvart bord. For kvart spørsmål skulle dei først reflektere sjølv, så presentere for dei andre i gruppa, før gruppa skulle bli einige om å prioritere to til tre av svara.

## SAMANDRAG:

Det var stor semje om at kommunen sine fremste styrkar er eit rikt kulturliv, sentral geografisk plassering, gode kommunikasjonstilbod, vakker natur med tilrettelagde turstiar, eit livleg sentrum med variert handelstilbod, og gode arbeidsplassar innan båtbygging. Andre styrkar inkluderte god helseteneste, tilgjengelege jobbmoglegheiter i nabokommunane, solid eldreomsorg og eit variert næringsliv.

Når det gjeld framtidssyn og mål for 2036, var det einigheit om behovet for nye bufellesskap for eldre, betre skuleforhold, tilstrekkeleg antal sjukeheims plassar, auka mangfald i næringslivet og etablering av ein ny ungdomsskule på Helland. Det vart også nemnt viktige mål av å verne om naturen, oppretthalde eit sterkt sentrum inkludert etablering av kulturhus. Andre viktige mål inkluderte å tilby fleire kompetansearbeidsplassar, støtte ungdommen og skape eit universelt tilgjengeleg samfunn.

For å oppnå desse måla vart det identifisert fleire behov, inkludert økonomisk støtte, godt samarbeid, langsiktige planar og politisk vilje og evne til å prioritere. Vidare blei det peika på behov for større overføringar til kommunane og betre infrastruktur. Det vart også peikt på behovet for ny industri og tiltak for å tiltrekke ungdommen tilbake til Vestnes.

Hindringane som kan stå i vegen for å nå måla er dårleg økonomi, intern strid og manglande politisk samarbeid. Andre nemnde hindringar inkluderte hard konkurranse om arbeidskraft, mangel på kompetanse, passivitet, for mykje byråkrati og manglande støtte frå sentrale myndigheiter.

Alle innspela kan du lese på neste side:

Dei prioriterte svara er merka med stjerne og dei som har blitt nemnt flest gonger er utheva i fet skrift.

#### STYRKER/KVA ER BRA I VESTNES?

- ❖ **Rikt kulturliv** (nemnt av fleire personar i alle gruppene – prioritert av seks grupper)
- ❖ **Sentral plassering geografisk** (nemnt av fleire personar i alle gruppene – prioritert av fem grupper)
- ❖ **Gode kommunikasjonstilbod** (buss, ferje, tog osv.) (Nemnt i alle gruppene – prioritert av fem grupper)
- ❖ Fin natur og gode turmoglegheiter og tilrettelagde turstiar (Nemnt av fleire personar i alle gruppene – prioritert av fire grupper)
- ❖ Bra sentrum med eit godt handelstilbod - vi slepp å reise til byane (nemnt av fleire personar i alle gruppene – prioritert av tre grupper)
- ❖ Gode arbeidsplassar – båtbygging (nemnt av fem personar – prioritert av to grupper)
- ❖ Gode helsetilbod (Nemnt av fire personar – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Gode jobbmoglegheiter i nabokommunane (Molde, Ålesund)
- ❖ Foreiningar og lag arbeider godt saman
- ❖ Senior Plaza
- ❖ God heimesjukepleie
- ❖ Tresfjordbrua
- God dugnadsånd
- Trivelege folk som det er lett å kome i kontakt med
- Bra kommune å bu i
- Har areal til industri
- God eldreomsorg
- God demensomsorg
- Variert næringsliv
- Sentrumsnære bustader
- Spreidd busetnad
- Gamlebrua
- Kataholmen
- Bra med matbutikkar i bygdene slik at spreidd busetnad kan oppretthaldast
- Pensjonistmøter (nemnt av to personar)
- Gode idrettstilbod for barna (fotball, handball, turn)
- Jakt og fiske
- Seniordans
- Kulturskulen
- God barnehagedekning (Nemnt av to personar)
- Gratis parkering
- Gode naboskap (Nemnt av tre personar)
- Kort veg til sentrum
- God matombering frå kommunalt kjøken.

#### KOR VIL VI? KVA MÅL/VISJONAR/PLANAR HAR VI REALISERT INNAN 2036?

- ❖ **Bufellesskap/nye bu-tilbod for eldre** utanfor sjukeheim «nabo hjelper nabo». Ikkje kjøpe men livslang leige (nemnt av åtte personar – prioritert i fem grupper)
- ❖ **Betre skuletilbod og betre skulebygg** (nemnt av fleire personar i alle gruppene – prioritert av fire grupper)
- ❖ **Nok sjukeheimsplassar** – til alle som treng det (Nemnt av fem personar – prioritert i tre grupper)
- ❖ Meir variert næringsliv/arbeidsplassar (nemnt av sju personar – prioritert av to grupper)
- ❖ Ny ungdomsskule på Helland (Nemnt av to personar – prioritert av ei gruppe)

- ❖ Verne om og ta vare på naturen og strandsona (Nemnt av to personar – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Industriutvikling (nemnt av to personar – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Kulturhus (nemnt av to personar – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Eit sterkt sentrum (nemnt av to personar – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Fleire kompetansearbeidsplassar – spesielt for kvinner
- ❖ Hjelp når vi trenger det
- ❖ Fokus på natur og miljø
- ❖ Betre helsetilbod
- ❖ Vere eigen kommune også i framtida
- ❖ Heile stillingar og løn til å leve av
- ❖ Befolkningsvekst – spesielt unge personar
- ❖ Universelt utforma - gang- og rullestolvenleg samfunn (Nemnt av tre personar – prioritert av ei gruppe)
- Betre forhold for mjuke trafikantar (Gangveg langs Hagnesvegen + andre)
- Sterkare sentralisering av buområde
- Høve til å bu i distrikta
- Tilbod i bygdene
- Utvikle landbruket – støtte til bønder
- Sentrumsnære lettstelte leilegheiter
- Eldreomsorg som er økonomisk berekraftig og sosialt gode (nemnt av to personar)
- Få våre eigne til å ta jobbane som er her
- Bu-tilbod for ungdom
- Legge til rette for ungdommen
- Betre kommunale vegar

#### KVA TRENG VI FOR Å NÅ DESSE MÅLA?

- ❖ **Økonomi** (Nemnt av sju personar – prioritert av fem grupper)
- ❖ **Godt samarbeid** (Nemnt av fem personar – prioritert av tre grupper)
- ❖ **Politikarar som tør å tenkje langsiktig og å prioritere** (Nemnt av fem personar – prioritert av tre grupper)
- ❖ Få nok midlar overført til kommunen/Omfordeling frå by- til landkommunar (Nemnt av tre personar – prioritert i tre grupper)
- ❖ Meire folk til å hjelpe (Nemnt av to personar – prioritert i to grupper)
- ❖ Marknadsføring/PR – god kommunikasjon (Nemnt av to – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Fleire arbeidsplassar (Nemnt av to personar – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Kommunal tilrettelegging av sentraliserte buområde for eldre (utanfor institusjon) (Nemnt av to personar – prioritert av ei gruppe)
- ❖ Betre vegar (nemnt av to personar – prioritert i ei gruppe)
- ❖ Ny industri – meir enn maritim – Kva med farmasøytisk industri?
- ❖ Myndigheiter som forstår og tør å satse på ungdommen
- ❖ Stimulere tiltak for å få ungdom med utdanning tilbake til Vestnes
- ❖ Gode hovud til økonomistyring
- ❖ Trivsel og godt arbeidsmiljø
- ❖ Ikkje usanne valløfte
- ❖ Betre skuletilbod
- ❖ Vindmøller
- ❖ Variert næringsliv
- ❖ Politikarar som tør å prioritere eldre

- Orientering om/og oppfølging av ungdom som vil jobbe innan helse og omsorg
- God skatteinngang
- Evne til å fornye oss
- God helse
- Godt legekontor – tilgjengelege legar
- Sjå framover
- Hindre fråflytting
- Merke fotgjengarfelt (på nytt)
- Byggeklare industriområde
- Nye retningslinjer
- Moglegheit for unge å finne arbeid i kommunen
- Desentraliserte utdanningstilbod f.eks. maritim, bygg etc.
- Behalde bedrifter på norske hender
- Prioritere førebuande helsearbeid
- Få heim at utflytta vestnesingar (frå Sveits?)
- Redusert eigedomsskatt for å få rike personar til Vestnes

#### KVA KAN HINDRE OSS I NÅ MÅLA?

- ❖ **Dårleg økonomi** (Nemnt av tre personar – prioritert av tre grupper)
- ❖ **For mykje strid/usemje mellom bygdene** (Nemnt av tre personar – prioritert av tre grupper)
- ❖ **Mangel på politisk samarbeid/usemje mellom administrasjonen og politikarane i kommunen** (Nemnt av tre personar – prioritert av to grupper)
- ❖ Mangel på kompetanse (Nemnt av to personar – prioritert av to grupper)
- ❖ Manglar visjon – for lite sal av Vestnes som moglegheitenes kommune
- ❖ Politikarar som ikkje blir einige om å prioritere – nokre mål er viktigare enn andre
- ❖ Hard konkurranse om arbeidskraft
- ❖ Samfunnssyn på eldre som problem
- ❖ Passivitet
- ❖ For mykje byråkrati
- ❖ Myndigheiter som ikkje er villige til å satse på dei unge
- ❖ For mykje vikarbruk = svindyrt!
- ❖ For mykje digitalisering – vi må ha andre alternativ
- ❖ For lite overføringar frå staten
- Vedtak blir ikkje følgt opp (nemnt av to personar)
- Forverring av klima-/miljøsituasjonen
- Den stadige vekst-politikken
- Hestehandlar
- Manglande initiativ
- Oppdrett til Vestnes (Laks/Aure) - krancling